
Saksnr: 2021/16094-2
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om innkjøpsrutinar i vidaregåande skular

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takkar for det grundige svaret frå fylkesrådmannen på spørsmål om innkjøpsrutinar i vidaregåande skule og tek informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til fylkesrådmannen si skriftlege og munnlege orientering om innkjøpsrutinar i vidaregåande skular.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedr innkjøpsrutinar i vidaregåande skular

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 22.03.2021 vart dette protokollert i sak PS 28/21 Eventuelt:

«Iril Schau Johansen (H) kom med slikt innspel send på e-post til medlemmene i utvalet før møtet:

«Kva rutinar har fylket for å fanga det opp, med tanke på regelverk om offentleg anskaffing og EØS-reglane, når ein leverandør sel ei teneste eller eit produkt til fleire av fylket sine einingar, som samla sett kjem opp i verdiar høgare enn terskelverdiane? Til dømes dersom fleire vidaregåande skular kvar for seg kjøper same teneste hjå ein og same tilbydar. Kvar eining handlar kanskje for under 100 000 kroner, men samla kan beløpet verta mykje høgare.»

Kontrollutvalet vart samde om å sende spørsmåla frå Iril Schou Johansen vidare til fylkesrådmannen og be om å få skriftleg og munnleg svar til møte i kontrollutvalet 10.05.2021.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme med skriftleg og munnleg svar på spørsmåla til Iril Schou Johansen om innkjøpsrutinar i vidaregåande skular til møte i utvalet 10.05.2021. Det skriftlege svaret vert å sende sekretariatet innan 26.04.2021.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over har vi motteke vedlagte notat frå fylkesrådmannen dagsett 19.04.2021. Slik sekretariatet ser det inneheld notatet grundig svar på spørsmåla frå kontrollutvalet. Dersom det ikkje kjem fram noko nytt under den munnlege orienteringa som endrar dette, bør utvalet takke for svaret og ta informasjonen til orientering.

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet takkar for det grundige svaret frå fylkesrådmannen på spørsmål om innkjøpsrutinar i vidaregåande skule og tek informasjonen til orientering.